

Kakeavslutning, inspirasjonstur og frivillige sommarøvingar.

24.06.2016



Møte mellom gamle kjente, Uskedalsmusikarane Audun Eik, Knut Stensletten og Einar Gjertsen og dirigent i Herand musikklag Tor Storegjerde, opphavelig fra Rosendal.

Sist tirsdag hadde Uskedal musikklag offisiell sesongavslutning med forkorta øving og deretter drøsestund med kaffi og Ingunn Stensletten si nydelege ostekake. Det betyr ikkje at musikarane har tatt fullstendig sommarpause frå alt som har med messingmusikk å gjera.



Frå sesongavslutninga med kaffi og kaker sist tirsdag.

Under drøsestunda sist tirsdag vart musikarane einige om at dei som hadde lyst og anledning, skulle ta ein tur til Jondal på Handverksmessa i dag, fredag. Vi kan med rette kalla det inspirasjonstur, for hovudføremålet var å høyra på Herand musikklag. Som Uskedal musikklag er Herand musikklag eit lite korps med nokre få fleire medlemmer. På alder scorar rett nok Uskedalskorpsen desidert høgast.

Vi fekk høre ein flott konsert med korpsen frå Herand dirigert av den utflytta rosendelingen Tor Storegjerde og Arild B. Nilsen som også er musiksalsk leiar for Hardanger Big Band. Dei hadde gode folk på alle instrument, og imponerte langt fleire enn dei 6 Uskedalsmusikarane som var til stades. Blant publikum var også ein god del fleire uskedelingar og mange frå Kvinnherad.

Handverksmessa held fram laurdag og søndag, og det er absolutt god grunn til å anbefala folk å ta turen no når Jondal er kome så mykje nærmare oss på grunn av den nye tunnelen. På messa får ein oppleva flotte utstillingar, god underhaldning og god mat.

Tilbake til musikkaget. Under drøsestunda sist tirsdag kom det også fram eit anna forslag som fekk full tilslutnad. Gjennom sommaren vert det frivillig øving annakvar tirsdag for dei som har høve, og ønskjer det. Dette vert gjort både av sosiale grunnar og for å halda ambisen i gang fram mot starten til hausten.

Det viktigaste er å ha det kjekt, og det er det i Uskedal musikklag.



Herand musikklag med solist Arild B. Nilsen og dirigent Tor Storegjerde på scenen.



Inspirerte tilhørarar på 2. og 3. rad.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland